

## Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 09.04.2019

**Torgeir Toppe (A)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er rektor på den avdelinga av Folkeuniversitetet som er kursarrangør for utdanninga i Hordaland som Folkeuniversitetet Øst søker om midlar til. Toppe gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for opplæring og helsevedtok samrøystes at Torgeir Toppe var inhabil etter forvaltningslova § 6 2. ledd.

Torgeir Toppe gjekk frå under behandlinga av saka.

**John Helge Gullaksen (H)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er medlem av Styret for Fagskolen i Hordaland. Han gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for opplæring og helse vedtok samrøystes at John Helge Gullaksen ikkje var inhabil.

Han tiltredde saksbehandlinga. Det var 14 representantar tilstades.

**Rosalind Fosse (FrP)** sette fram slikt tilleggsforslag:

«Tilskot som ikkje vert brukt får administrasjonen fullmakt til å disponere, i tråd med etablert praksis.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Fosse sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Hausten 2019 vert det vedteke å opprette følgjande grupper:

Fagskule	Tilbod	Omfang	Nye grupper Hausten 2019	Kommentar
<b>AOF Vestland</b>	Psykisk helsearbeid	60	1	
	Miljøarbeid i tjenester for mennesker med utviklingshemming	60	1	
	Miljøarbeid i tjeneste for mennesker med utviklingshemming (Stord)	60	1	Utan forventning om nytt opptak hausten 2020, men forventa nytt opptak hausten 2021
	Ernæring i pleie- og omsorgstjenester	30	1	
	Ernæring for mennesker med utviklingshemming*	30	0	Skulen kan velje å starta opp dette i staden for ernæring i pleie og omsorgstjenester dersom godkjent.
	Demensomsorg	30	1	
<b>Fagskolen Aldring og helse</b>	Utviklingshemming og aldring	60	1	
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60	0	Fagskulen kan veksle på sine to tilbod, med start annakvart år

<b>Folkeuniversitetet Øst</b>	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	60	1	
<b>Sum nye grupper hausten 2019</b>			7	

Tilskot som ikkje vert brukt får administrasjonen fullmakt til å disponere, i tråd med etablert praksis.